


SPRÅKRÅDET



Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

REF.
2006/03459 KU/KU3 IE:kdp

VÅR REF.
200600149-2 JG

DATO
12.07.2006

UTKAST TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT 5. DESEMBER 1980 NR. 4980 OM MÅLBRUK I OFFENTLEG TENESTE – HØYRING

1 Språkrådet stør framlegga til endringar i forskrifta

Vi viser til høyringsbrev frå departementet 18.04.2006.

Språkrådet stør framlegga til endringar i forskrifta. Å forskriftsfeste at alle sentrale statsorgan har plikt til å fastsetje faste rutinar for korleis vekslinga mellom målformene i praksis skal skje, er eit viktig tiltak for å betre etterlevinga av mållova. Å forskriftsfeste plikta til innan 31. januar kvart år å sende inn ein kvalitetssikra rapport som viser prosentfordelinga mellom målformene i året som har gått, er i samsvar med eit framlegg frå Norsk språkråd frå mai 1998.

2 Språkrådet foreslår eit tillegg i § 6 første ledd om periodiske publikasjonar og nettstader

Språkrådet ber departementet vurdere eit tillegg til § 6 første ledd om periodiske publikasjonar og nettstader. Tillegget kan formulerast om lag slik:

For periodiske publikasjonar gjeld det at ingen av målformene skal vere representert med mindre enn 25 % i redaksjonelt tilfang over ei viss tid, som regel ein årgang. På nettstader skal ingen av målformene skal vere representert med mindre enn 25 % i tilfang som kjem inn under lova, og begge målformene skal vere klart synlege på dei øvste nivåa på nettstadene.

Første punktum i tillegget er meint å vere ei oppsummering av eit sentralt punkt i rundskriv V-50/88. Det vil ha større tyngd og verke klargjerande om ei slik føresegn blir teken inn i forskrifta.

Andre punktum i tillegget er meint å vere ei oppsummering av det viktigaste KKD har sagt om nettsider i St.meld. nr. 9 (2001–2002), St.meld. nr. 48 (2002–2003), St.meld. nr. 7 (2005–2006) og i rundskriv V-14N/2006.

3 Nærare om tillegget

I utgangspunktet gjeld kravet om at i «rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l.» skal ingen av dei to offisielle målformene vere representert med mindre enn 25 % for den samla mengda av tilfang. Har ein mindre enn 25 % av den eine målforma i ein type tilfang, kan det kompenseras i ein annan type tilfang. Men for periodiske publikasjonar gjeld det at 25-prosentkravet skal oppfyllest i redaksjonelt tilfang over ei vis tid, som regel ein årgang. Det vart fastsett ved rundskriv V-50/88. I utgangspunktet gjeld altså 25-prosentkravet absolutt for kvar årgang av ein periodisk publikasjon.

For sentrale statsorgan gjeld 25-prosentkravet òg for kvar einskild statleg nettstad når det gjeld tilfang som kjem inn under mållova § 8 første ledd første og andre punktum. Språkrådet har praktisert denne tolkinga av mållovsreglane i lengre tid i tilsynsarbeidet. Vi har sett nettstadene i analogi med periodiske publikasjonar – som «kontinuerlege publikasjonar» som har mykje av dei same oppgåvene som tradisjonelle periodiske publikasjonar på papir, nettstadene er berre berre som regel mykje meir omfattande. I rundskriv V-14N/2006 har departementet presisert at for sentrale statsorgan gjeld 25-prosentkravet òg for dei einskilde nettstadene. Det vil verke klargjerande for dei sentrale statsorgana dersom ei føresegn om nettstader blir teken inn i forskrifta, og det vil vere praktisk i tilsynsarbeidet å kunne vise til ei føresegn i forskrifta.

§ 6 første ledd vil etter framlegget vårt dermed lyde:

For tilfang etter § 8 første ledd første og andre punktum i lova vil ei rimeleg kvantitativ fordeling seie at ingen av dei to målformene skal vere representert med mindre enn 25 %. For periodiske publikasjonar gjeld det at ingen av målformene skal vere representert med mindre enn 25 % i redaksjonelt tilfang over ei viss tid, som regel ein årgang. På nettstader skal ingen av målformene skal vere representert med mindre enn 25 % i tilfang som kjem inn under lova, og begge målformene skal vere klart synlege på dei øvste nivåa på nettstadene.

4 Språkrådet foreslår eit nytt fjerde ledd i § 6 i forskrifta

Språkrådet har merka seg framlegget i høyringsfråsegna frå Landssamanslutninga av nynorskkommunar om eit nytt fjerde ledd i § 6 i forskrifta. Språkrådet har sjølv dei siste månadane, utan kjennskap til LNKs framlegg, arbeidd med eit liknande forslag. Føresegna kan formulerast om lag slik:

Departementa skal i framlegg til statsbudsjett til Stortinget gjere greie for fordelinga mellom målformene i informasjonstilfang frå eige departement og i eigen sektor. Andre sentrale statsorgan skal gjere greie for fordelinga i årsrapporten til det overordna departementet.

Ei slik føresegn vil gjere at arbeidet med ei rimeleg fordeling mellom bokmål og nynorsk får større tyngd, blir meir synleg og blir teke meir alvorleg. Føresegna fører ikkje til nemneverdig meirarbeid for statsorgana.

5 Om registrering av tilfang og utrekning av prosentfordeling

Dei vidare merknadene i høyringsfråsegna vår har ikkje konsekvensar for formuleringar i forskrifta.

Vi gjer merksam på at den reknemåten departementet gjer greie for på side 4 i høyringsbrevet, er ein reknemåte departementet har praktisert, men ikkje Norsk språkråd / Språkrådet. Liksom departementet har vi skilt mellom dokument på under og over 10 sider. Når det gjeld dokument under 10 sider, har vi rekna einingar. Når det gjeld dokument over 10 sider, har vi rekna sidetal. I motsetnad til departementet har vi ikkje operert med ein kategori for dokument på 1–4 sider. Vi har meint at det ville vere for mykje å krevje av statsorgana at kategorien for tilfang på 1–10 sider skulle delast i to underkategoriar. Vi reknar med at departementet har vore klar over reknemåten vår gjennom dei rapportane vi har sendt departementet.

6 Om registrering av tilfang på nettstader

Departementet tilrår på side 4 i høyringsbrevet at statsorgana registrerer aktuelle dokument etter kvart og til dømes lagar eit rekneark slik at nynorskprosenten blir rekna ut automatisk. Språkrådet har sidan 1997 tilbydd slike rekneark til statsorgana.

Vi vil likevel peike på at for store nettstader er det tvilsamt om denne metoden let seg praktisere. Ein del nettstader har svært store mengder tilfang, og det vil krevje mykje arbeid om ein til eikvar tid skal registrere i eit rekneark kva tilfang som er lagt ut. Rett nok kjenner vi ein webkonsulent som tilrår dette systemet, men ut frå vår eiga røynsle verkar løysinga lite brukande for anna enn mindre nettstader.

Når ein planlegg ein nettstad, kan det vere mogleg å leggje inn målform som «metadata» i sidemalane. Statsorganet kan så bruke slike data for å finne ut målfordelinga på nettstaden. Men slike løysingar er truleg berre aktuelle for nye nettstader, nettstader som skal leggjast om og nettstader som skiftar publiseringsprogram. Og i slike høve bør ordninga vurderast.

Nettstader som har lokal søkjemotor, kan finne ut omtrentleg nynorskprosent ved å søkje på frekvente bokmålsord og nynorskord. Det føreset at søkjeorda ikkje er definerte som «støyord» («noise words», «stop words»), som dermed ikkje blir indekserte. Vidare må ein trekkje valide slutningar av tala. Ikkje alt tilfang som ligg på nettstaden til eit sentralt statsorgan, kjem utan vidare inn under § 8 første ledd første og andre punktum.


Nettstader som ikkje har eigen søkjemotor, kan finne ut omtrentleg nynorskprosent ved å søkje på frekvente bokmålsord og nynorskord i ein ekstern søkjemotor, til dømes Google, som i dag er den viktigaste basen. Søkjeformelen er: *søkjeord site:domene*, til dømes: *ikkje site:www.sprakrad.no*. Aktuelle søkjeord kan vere: ikkje/ikke og frå/fra. Orda har om lag same frekvens i bokmål og nynorsk.

Metoden har veikskapar både når det gjeld reliabilitet og validitet, men ikkje så store at han ikkje kan nyttast. Når det gjeld reliabilitet, kan det variere kor langt ned i nettstaden Google går. I nokre tilfelle kan datamengda bli lita. Når det gjeld validitet, må ein vere merksam på at det kan vere at ikkje alt tilfang som ligg på nettstadene, kjem inn under kravet om minst 25 % nynorsk. I Den norske kyrkja, i undervisningsverksemd og i rettsstellet gjeld mållova berre den administrative delen av verksemda. Nettstadene til somme etatar omfattar også regionale avdelingar, som anten har tenestemål eller er språkleg nøytrale. Vidare kan nettstadene ha tilfang laga av andre og der institusjonen sjølv ikkje har ansvaret for målforma. Og i nokre tilfelle får ein openbert heilt feil tal. Det gjeld til dømes om ein søker på www.sprakrad.no. Sjølve nyttar vi difor den lokale søkjemotoren for å få oversyn over samla fordeling av bokmål og nynorsk. I dei tilfella der søk i Google ikkje fungerer, må metoden altså erstattast av eller supplerast med andre metodar.

7 Om andre tiltak

I samband med at det no blir forskriftsfesta at sentrale statsorgan skal utarbeide ein intern instruks om korleis vekslinga mellom målformene skal skje i praksis, og at instruksen òg skal innehalde faste rutinar for registrering av målform i alt tilfang som kjem inn under § 8 første ledd første og andre punktum, må departementet og Språkrådet gje råd og rettleiing om korleis slike instruksar kan lagast. Det er berre ein av fleire grunnar til at det må vere nærare kontakt og meir samarbeid mellom departementet og Språkrådet i mållovsarbeidet enn det har vore den siste tida. Vi tek dette opp i eit eige notat litt seinare.

Med helsing


Sylfest Lomheim
direktør


Jon Grepstad
rådgjevar